

Fra: [Kristoffer Dahle](#)
Til: [Dokpost](#)
Emne: VS: Kryssing Romsdalsfjorden, utredning alternative kryssinger
Dato: tirsdag 15. oktober 2019 15:04:05

Fra: Pape, Nora <Nora.Pape@ra.no>
Sendt: 15. oktober 2019 14:52
Til: Kristoffer Dahle
Emne: SV: Kryssing Romsdalsfjorden, utredning alternative kryssinger

Riksantikvaren gir med dette ei forhandsfråsegn til planar om ny E39 - Møreaksen over Veøya ut frå dei forvaltingsområda der direktoratet har ansvar som fagstyresmakt. I dette tilfellet gjeld det den mellomalderiske kyrkjestaden Veøy gamle kyrkjestad, id 107967. Mellomalderkyrkjestadene er automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml.), § 4, fyrste ledd pkt. j.

Veøya ligg strategisk plassert i Romsdalsfjorden i Møre og Romsdal. Kulturmiljøet på den litle øya består mellom anna av mellomalderkyrkje, fleire kyrkjegardar, gravfelt, gravminne, freda prestebustad og spor etter ein kjøpstad/kaupang frå vikingtid-mellomalder. Innanfor avgrensinga av kaupangen ligg Veøy gamle kyrkjestad, med Peterskyrkja frå 1100-talet, fleire kyrkjegardar og spor etter fleire kyrkjer (etter tradisjonen skal det ha stått 7 kyrkjer på øya). Kyrkjestaden ligg på det høgaste punktet på det gamle eidet som skil Nordøya og Sørøya, og har gode hamner både i Nordvågen og Sørvågen. Veøy blir omtalt første gong i Magnus Erlingssons saga der det blir fortalt at Håkon Herdebrei våren 1162 var på kjøpstaden på Veøy. Veøy kyrkjestad er truleg ein av dei eldste kyrkjestadene i Noreg, med spor etter kyrkjer og kyrkjegardar frå heilt tilbake til 900-talet

Kyrkjene i mellomalderen var ofte plassert på sentrale og framstående stader i landskapet og bevisst forma som landemerke. Kyrkja var ofte eit identitetssymbol i lokalsamfunnet og plassert på stader med lang tradisjon for busetnad, eller religiøse og sosiale aktivitetar. Det er difor vanleg å finne mange forskjellige kulturminne frå ulike tidsperiodar i dei næraste omgjevnadene til kyrkjene frå mellomalderen. Kyrkja og enkeltelementa i omgjevnadane har stor verdi kvar for seg som kulturminne, og samla som kulturmiljø. Dette legg føringar for kva som kan akseptast av utbygging eller endringar i området.

Vi vurderer eit planframlegg som inneber at nye E39 blir lagt over Veøya som utilbørleg skjemmande og svært konfliktfylt med tanke på Veøy gamle kyrkjestad. Mellomalderkyrkjestaden er svært godt bevart og ligg i eit av Møre og Romsdal sine mest verdifulle kulturmiljø. Eit veganlegg av denne typen over Veøya, som i dag ligg midt i fjorden utan vegforbindelse, vil vesentleg forringe opplevinga av kyrkjestaden i det fjordlandskapet han ligg i. Planlegging av ny E39, Møreaksen er foreløpig i en tidleg fase, og vi anbefaler tiltakshavar å sjå på andre løysningar som ikkje inneber at ny E39 leggst over Veøya. Ut i frå dei opplysningane Riksantikvaren har om planane på noverande tidspunkt, varslar vi at det kan bli aktuelt å fremme motsegn mot ny E39 dersom tiltakshavar legg fram eit planframlegg som legg opp til at ny veg blir lagt over Veøya.

Nora Pape
Seniorrådgiver
Seksjon for arkeologi
Riksantikvaren
Tlf.: +47 98 22 87 10
www.riksantikvaren.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Kristoffer Dahle <Kristoffer.Dahle@mrfylke.no>
Sendt: fredag 11. oktober 2019 10.30
Til: Pape, Nora <Nora.Pape@ra.no>
Emne: Sv: Kryssing Romsdalsfjorden, utredning alternative kryssinger

I tide til at vi kan innarbeide det vi i vår frist (31.10.2019).

Kristoffer Dahle

Fra: Pape, Nora [Nora.Pape@ra.no]

Sendt: 11. oktober 2019 10:04

Til: Kristoffer Dahle

Emne: SV: Kryssing Romsdalsfjorden, utredning alternative kryssinger

Vi kommer med en forhåndsvurdering i saken i forhold til kirkestedet, når må du ha den?

Nora Pape

Seniorrådgiver

Seksjon for arkeologi

Riksantikvaren

Tlf.: +47 98 22 87 10

www.riksantikvaren.no<<http://www.riksantikvaren.no/>>

[cid:image001.jpg@01D17AB9.D5C8A550]

Fra: Kristoffer Dahle <Kristoffer.Dahle@mrfylke.no>

Sendt: onsdag 9. oktober 2019 10.29

Til: Riksantikvarens postmottak <postmottak@ra.no>

Kopi: Pape, Nora <Nora.Pape@ra.no>; Bjørn Ringstad <Bjorn.Ringstad@mrfylke.no>

Emne: VS: Kryssing Romsdalsfjorden, utredning alternative kryssinger

Hei

Vi vil med dette orientere dykk om vedlagte sak.

For eit par år sidan blei vi kontakta av dåverande riksantikvar Jørn Holme omkring denne saka, og korleis konsekvensane eventuelt ville vere for Veøya som eit kulturmiljø av svært høg verdi.

Ettersom det på dette tidspunkt berre var ein folkeaksjon var svaret frå vår side at det framleis ikkje var noko sak, og at vi ikkje hadde gitt noko uttale.

Med dette har Statens Vegvesen blitt bedt om å gjere ei tilleggsutgreiing til Møreaksen, og vi er i samband med dette bedt om ein uttale. Vi har ikkje gått inn i saka enno, men vil nok varsle motsegn på eit eventuelt planforslag som inneber nye E39 over Veøya. Vi set elles pris på eventuelle innspel frå dykkar side.

Med vennleg helsing

Kristoffer Dahle

Fra: Johnsen Harald Inge <harald.johnsen@vegvesen.no<<mailto:harald.johnsen@vegvesen.no>>>

Sendt: tirsdag 8. oktober 2019 18:28

Til: Dokpost <Dokpost@mrfylke.no<<mailto:Dokpost@mrfylke.no>>>

Kopi: Kristoffer Dahle <Kristoffer.Dahle@mrfylke.no<<mailto:Kristoffer.Dahle@mrfylke.no>>>; Moltubakk

Andre <andre.moltubakk@vegvesen.no<<mailto:andre.moltubakk@vegvesen.no>>>

Emne: Kryssing Romsdalsfjorden, utredning alternative kryssinger

Viser til telefonisk kontakt i dag vedr forhåndsuttalelse i forbindelse med en overordnet vurdering av alternative kryssinger av Romsdalsfjorden.

Vegvesenet er bedt om å ta en grov vurdering av alternative måter å krysse Romsdalsfjorden på som evt kan være rimeligere enn valgt konsept som er ferdig regulert (hengebru Julsundet og undersjøisk tunnel under Tautra).

I dette inngår mulige flytebru(er) enten

1. omtrent i korridor der regulert løsning ligger. Dette innebærer i så fall veg/ brutårn på øya Tautra.
2. Trase med utg.pkt i det som Romsdalsaksen har fremmet. Dette innebærer høyt seilingsløp i Sekkensundet og veg over Veøya. Under er tatt med noen illustrasjoner fra Romsdalsaksen AS samt link til side hos dem.

I forbindelse med dette ønskes en uttalelse fra arkeologiske myndigheter i forhold til hvordan dere stiller dere til

en mulig slik vegløsning over Tautra eller Veøya og evt andre forhold rundt aktuelle traseer., og evt hvilke føringer en må ta høyde for om en skal få til en løsning.

Vi ønsker gjerne at en slik uttalelse foreligger innen 31.10.2019 for at vi får tatt med dette i vår kostnadsvurdering av de ulike variantene primo november.

Med hilsen

Harald I. Johnsen
Prosjektleder

[cid:image004.png@01D5801B.1E38AA00]

[cid:image005.png@01D5801B.1E38AA00]

https://www.romsdalsaksen.no/#!/page_video